



Møteprotokoll for Råd for eldre og funksjonshemma

Møtedato: 01.12.2015
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 10:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Geir Lundekvam		Medlem	Valgt til nestleiar ved konstituering sak 3/2015
Nina Bolstad Eidsnes	SA	Medlem	Valgt til leiar ved konstituering sak 3/2015

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Sigrun Nesse		Medlem	Meldt forfall. Vara kunne ikkje stilla.

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2015	Orienteringssaker
003/2015	Konstituering av Råd for eldre og funksjonshemma for valperioden 2015 - 2019
004/2015	Betaling for kommunle tenester 2016
005/2015	Budsjett og økonomiplan 2016 - 2019

Notat frå møtet:

001/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2015: Orienteringssaker

Behandling:

Håndbok med informasjon og veiledning i rådsarbeidet var sendt ut til medlemmane saman med møteinnkallinga. Sekretær gjekk gjennom hovudpunkta i veiledninga.

Hordaland fylkeskommune inviterer til temadag og opplæring for dei kommunale råda 22. og 23.februar. Sekretær sender invitasjon og program til medlemmene når dette kjem. Rådet er positive til å delta på samlinga.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

003/2015: Konstituering av Råd for eldre og funksjonshemma for valperioden 2015 - 2019

Behandling:

Nina Bolstad Eidsnes vart valt til leiar, Geir Lundekvam vart valt til nestleiar.

Samrøystes

Vedtak:

Råd for eldre og funksjonshemma konstituerer seg for valperioden 2015 – 2019.

Leiar: Nina Bolstad Eidsnes

Nestleiar: Geir Lundekvam

004/2015: Betaling for kommunle tenester 2016

Behandling:

Rådet for eldre og funksjonshemma meiner at ordninga med snøbrøyting skal oppretthaldast.

Vedtak:

Merknad til saka: Rådet for eldre og funksjonshemma meiner at ordninga med snøbrøyting skal oppretthaldast.

005/2015: Budsjett og økonomiplan 2016 - 2019

Behandling:

I samband med drøfting av budsjett og økonomiplan kom rådet med fyljande innspel:

Det bør arbeidast for å tilretteleggje ferdavegen mellom Mo og Helland med lys langs veggen og bru over elva.

Det bør arbeidast for å tilretteleggje bassenget i Bryggjeslottet for universell tilkomst, t.d ved å montere gangbane. Det bør vere lett å kome seg inn og ut av bassenget utan bruk av heis for menneske med ulike funksjonshemmingar.

Trapp ved landgang til flytebryggje i gjestehavna bryt med prinsippet om universell utforming. Dette bør det gjerast noko med.

Vedtak:

Rådet for eldre og uføre har fyljande innspel til budsjett og økonomiplan:

Det bør arbeidast for å tilretteleggje ferdavegen mellom Mo og Helland med lys langs veg og bru over elva.

Det bør arbeidast for å tilretteleggje bassenget i Bryggjeslottet for universell tilkomst, t.d ved å montere gangbane. Det bør vere lett å kome seg inn og ut av bassenget utan bruk av heis for menneske med ulike funksjonshemmingar.

Trapp ved landgang til flytebryggje i gjestehavna bryt med prinsippet om universell utforming. Dette bør det gjerast noko med.
